



Fedje kommune

Møtebok for Formannskapet

Møtedato: 17.10.2023
Møtestad: Fedje fleirbrukshall
Møtetid: 17:15 - 18:30

Møtedeltakarar	Parti
Stian Herøy	H
Hans Erik Waage	Ap
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp

Møtedeltakarar vara	Parti
Silje Sulen Gullaksen	H

Forfall meldt frå følgjande medlemmar:	Parti
Bjørn Solbakk	Frp

Følgjande møtte frå administrasjonen:

Berit Karin Rystad, Esther Elizabeth Mae Varøy, Kristin Handeland, Pål-Eirik Holgersen

Sakliste

Saknr	Tittel
057/23	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
058/23	Godkjenning av møtebok
059/23	Delegerte saker
060/23	Den økonomiske situasjonen i Fedje kommune. Oppfølging av sak 043/23
061/23	Lokale lønnsforhandlingar 2023
062/23	Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland - Endeleg vedtak
063/23	Eventuelt

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-033	23/449

Saksnr	Utval	Type	Dato
057/23	Formannskapet	PS	17.10.2023

Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Formannskapet - 057/23

F - behandling:

F - vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-033	23/449

Saksnr	Utval	Type	Dato
058/23	Formannskapet	PS	17.10.2023

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 19.09.2023

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Formannskapet - 058/23

F - behandling:

F - vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-033	23/449

Saksnr	Utval	Type	Dato
059/23	Formannskapet	PS	17.10.2023

Delegerte saker

Underliggjande saker:

038/23. Svar på søknad om einskildhøve skjenkeløyve 28.10.2023

Feddie Ocean Destillery As får einskildhøve skjenkeløyve for alkohol i gruppe I,II og III, 28.10.2023 frå klokka 1300 til klokka 2000. Skjenkeløyvet skal nyttast i lokala til Feddie Ocean Distillery As på adressa Kopper 13.

Styrar for løyvet er Andreas Hagen.

040/23. Tildeling av bustad

Ihor Khadzava får tildelt bustad i Mulevegen 6. Husleigeavtalen gjeldt frå 01.10.2023.

039/23. Tildeling av bustad i Mulevegen

Mathias Stangeland får tildelt bustad i Mulevegen 3C. Husleigeavtalen gjeldt frå 01.10.2023.

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Formannskapet - 059/23

F - behandling:

F - vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Samrøystes.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Berit Karin Rystad	FE-153	23/246

Saksnr	Utval	Type	Dato
060/23	Formannskapet	PS	17.10.2023
061/23	Kommunestyret	PS	26.10.2023

Den økonomiske situasjonen i Fedje kommune. Oppfølging av sak 043/23

Vedlegg:

Organisasjonskart Fedje kommune

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

I kommunestyret den 28.09.23 fremma kommunedirektøren saka «Den økonomiske situasjonen i Fedje kommune. Forslag til innsparingar på kort og lang sikt», sak 043/23.

Kommunestyret ber om følgjande bestilling i vedtaket:

K - behandling:

K - vedtak:

«Kommunestyret viser til innhald og konklusjonar i saka og ber kommunedirektøren seinast innan 17.10.23, leggje fram ei prioritert liste over dei innsparingstiltaka som kan vere mest aktuelle på kort sikt innanfor inneverande budsjettår. Lista må gje eit overslag over det sannsynlege innsparingspotensialet for kvart av tiltaka, - samt gje eit oversyn over dei praktiske konsekvensane Fedje kommune av tiltaka.

Samrøystes vedteke».

Kommunedirektøren har saman med sine einingsleiarar og kommunalsjefar sett på saka for å kunne svare ut politikarane sitt vedtak.

Vi er snart midt i oktober og det er ca. 2 og ½ månad til nyttår. Tilbakemeldingane frå einingane er at det er liten eller ingen moglegheit til innsparingar på så kort tid. Handlingsrommet for innsparingar er minimalt, og det vil berre være snakk om mindre summer. Det kan til dømes være innkjøpsstopp, ingen bruk av vikarar eller bruk av konsulentar.

Kommunedirektøren si vurdering i bestillinga er at vi no er kome for langt ut i året for å finne innsparingar som monnar. Kommunedirektøren meiner difor at Fedje kommune må sette fokus og arbeid på budsjettet for 2024. I budsjettarbeidet kan administrasjon og politikk saman jobbe for å få ein berekraftig økonomisk drift av kommunen.

Fedje kommune har no fått på plass to kommunalsjefar og økonomirådgjevar i sentraladministrasjonen. Med dette er staben til kommunedirektøren kraftig styrka. I tillegg har kommunedirektøren jobba med ein omorganisering sidan nyttår. Nytt organisasjonskart ligg ved

saka. Ansvarsområda er no blitt tydlegare, og dette vil bidra til å styrke økonomistyringa til kommunen.

Vurdering

Fedje kommune driftar tenestene til innbyggjarane på eit nøkternt nivå når vi ser på KOSTRA tala. Utfordringa er vår er todelt. På den eine sida ligg auka krav i frå staten (reformar, garantiar, pensjonskostnadar, nye lovar og rettar til innbyggjarane). På den andre sida er kommunen inntektssvak. Fedje kommune var den kommunen si fylket som fekk lågast vekst i rammetilskotet frå staten i 2023.

I tillegg kjem den generelle kostnadsauken i samfunnet og auke i avgifter, forsikring, lisensar, lønnsoppgjer, IKT, tryggleikstiltak osv. Fedje kommune har gratis barnehage. Fedje kommune har ikkje eigedomsskatt (bortsett i frå på petroleum) og kommunen har diverse fond og ordningar for å stimulere til vekst i folketalet.

Kommunedirektøren ynskjer difor i budsjettprosessen for 2024 å sette fokus på prioriteringar i fht dei tenestene vi leverer og dei «godane» vi gir til innbyggjarane. Det vil seie; ynskjer vi ein gratis barnehage for å stimulere til folkevekst, så må til dømes kvaliteten på tenester innan skule og helse og omsorg prioriterast ned. Vi opererer til dømes ikkje med ventelister.

Meir konkret så ynskjer kommunedirektøren i budsjett for 2024 å arbeide med:

1. KOSTRA og leiarutvikling/tenesteutvikling
2. Ny organisering av kommunen. Nye tilsette i sentrale stillingar er på plass. Når organisasjonen får «satt seg» vil dette gi meir styring og større grad av «eigenproduksjon»
3. Bygge kompetanse og kapasitet til omstilling for å drifte meir økonomisk berekraftig (der og KOSTRA kjem inn som eit viktig verktøy)
4. Arbeide med sjukefråvær og trivnad på arbeidsplassane. Fokus på motivasjon, arbeidsglede og eit godt arbeidsmiljø.
5. Fedje skule er inne i eit prosjekt som Utdanningsdirektoratet har gitt midlar til. Prosjektet skal sjå på to ting; lesing og organisering av skulen. Målsettinga er at dette skal gi ei gevinst i fht effektivisering og dermed mindre kostnadar.
6. Korleis kan Fedje kommune auke inntektene?
7. Ein gjennomgang av dei kommunale bustadane som kommunen eig og vurdere sal av eigedomar som er meir enn 30 år gamle og som krev eit stadig større vedlikehald
8. Bemanne ned. Konsekvensen vil i stor grad være lovbrøt i fht tenestene som skal gis.
9. Gå gjennom sjølvkostbudsjett og gebyrregulativ
10. Prioritere ned tenester som ikkje er lovpålagde (kultur, næringsutvikling, støtte til frivillig

arbeid, planarbeid som ikkje er lovpålagd)

Folkehelse

Kommunen sin økonomiske situasjon har påverking på innbyggjarane si helse knytt til dei tilboda innbyggjarane får (tenester og fritidstilbod/aktivitetar)

Miljø

Ikkje relevant

Økonomi

Viss ikkje Fedje kommune har ei berekraftig økonomiforvaltning vil kommunen bruke opp disposisjonsfond og ende på ROBEK lista

Konklusjon

Den store utgifta til kommunen er lønn. Ved å redusere tal tilsette vil kommunen få eit større økonomisk handlingsrom. Kommunen kan og gjere prioriteringar i tenestene som gir større økonomisk handlingsrom. Auka inntekter er og ein moglegheit. Kommunedirektøren anbefaler at desse diskusjonane og eventuelle prioriteringar gjerast i budsjettarbeidet og koplast på økonomiplanen til kommunen.

Forslag til vedtak:

Kommunestyret tek saka til vitande. Innsparingar skal arbeidast inn i budsjett for 2024 og tal og konkrete konsekvensar av innsparingar skal kome fram i budsjettet

Formannskapet - 060/23

F - behandling:

Forslag til vedtak, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

Formannskapet saka til vitande. Me bed kommunedirektøren kome med ei oversikt over kva for kostnadskutt som er gjennomført i 2023. Innsparingar skal arbeidast inn i budsjett for 2024 og tal og konkrete konsekvensar av innsparingar skal kome fram i budsjettet

Kommunedirektøren infomerte om det nye organisasjonskartet som ligg ved saka.

F - vedtak:

Formannskapet tek saka til vitande. Formannskapet ber kommunedirektøren kome med ei oversikt over kva for kostnadskutt som er gjennomført i 2023. Formannskapet ber om at kostnadskutta vert lagt fram i kommunestyremøtet 26.10.2023. Innsparingar skal arbeidast inn i budsjett for 2024 og tal og konkrete konsekvensar av innsparingar skal kome fram i budsjettet.

Samrøystes vedteke.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Esther Elizabeth Mae Varøy	FE-000	23/436

Saksnr	Utval	Type	Dato
061/23	Formannskapet	PS	17.10.2023

Lokale lønnsforhandlingar 2023
Saksframlegg til formannskapet

Saksutgreiing:

Saksutgreiing

Kva saka gjeld

Kommunedirektøren ber formannskapet om økonomiske rammer for forhandlingane i kap. 3 og kap. 5 i Hovedtariffavtalen.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Hovudtariffavtalen 01.05.2022-30.04.2024

Saksopplysningar

I år er det mellomoppgjer i det kommunale tariffområdet. Mesteparten vert fordelt ved sentrale forhandlingar som gjeld frå 1. mai, men tidlegare vart det også annakvart år sett av ein lokal pott til forhandling i kvar kommune for dei tilsette i Hovudtariffavtalen kap.4 (som er dei fleste tilsette i Fedje kommune). Det er i år ikkje sett av lokal pott til dei som er i kap.4, men det er avtalt at det skal avsetjast midlar til lokale lønnsforhandlingar etter HTA kap. 4 pkt. 4.2.1 i 2024. Storleiken på potten og verknadstidspunkt vil verte avtala i hovedtariffoppgjeret 2024.

Dei tilsette som er i kap. 3 og 5 forhandlar berre lokalt, dei har ingen sentrale lønnstillegg. I år er me i Fedje kommune forseinka opp mot ønska frist 01.10, men me har i samarbeid med partane vorte einige om ein framdriftsplan.

Desse stillingane vert omfatta av kapittel 3 og kapittel 5:

Kapittel 3:

- Kommunedirektør (forhandlar direkte med formannskapet)
- Kommunalsjef Helse og omsorg
- Kommunalsjef Samfunnsutvikling
- Kommunalsjef HR og forvaltning
- Rektor skule
- Styrar barnehage
- Styrar sjukeheim (pleie og omsorgsleiar)
- Økonomisjef
- Leiar fellestenester

Kapittel 5:

- Bibliotekssjef
- Kommuneoverlege
- 3 legar
- Rådgjevar arkiv
- Økonomikonsulent/rådgjevar

Dei som har starte i stillingar etter 01.05 vil i utgangspunktet ikkje vere omfatta av lokale forhandlingar dersom det ikkje føreligg særskilte forhold som tilseier det.

Meir detaljar rundt økonomien

Fedje kommune sitt lønsbudsjett for 2023 ligg inne med 4,2 % i lønnsvekst. Det er ikkje nok til å dekke anslag årslønnsvekst. Dersom ein ligg til grunn kap. 4 vil tala verte slik:

5,4 % anslag årslønnsvekst

- 1,0 % overheng til 2023
- 0,2 % anslag glidning

= 4,2 % som grunnlag for utrekning av datovekst pr 01.05.2023 = $4,2\% \times 12/8 = 6,3\%$

Dersom me ikkje gjer fråtrekk for glidning vert prosenten høgare = 6,6 %

Desse tala vil aldri stemme heilt for Fedje kommune ettersom små endringar vil gjere store utslag, og me har sannsynlegvis ein større del av tilsette med maks ansiennitet enn det nasjonale snittet.

Det vil vere nødvendig å gjere ei budsjettendring. Skal det i tillegg være rom for ekstra tiltak i særskilte forhandlingar, vil det og krevje meir midlar.

Formannskapet skal til slutt godkjenne dei økonomiske konsekvensane for oppgjeret når det er ferdig forhandla i kap.3 og kap.5.

Vurdering

Kommunedirektøren ber formannskapet om ei økonomisk ramme for dei lokale forhandlingane utanom det som er budsjettet på 4,2%. Vurderingar om behov/innretning i årets lokale forhandlingar vil verte lagt fram av kommunedirektøren i møtet. Kommunedirektøren ber om at saka vert drøfta i lukka møte, for å ikkje forringe arbeidsgjevar sin forhandlingsposisjon. Det vert truleg nødvendig med endringar i budsjettet.

Forslag til vedtak:

Kommunedirektør ber formannskapet om økonomiske rammer for forhandlingane etter Hovedtariffavtalen i kap.3 og kap.5.

Formannskapet - 061/23

F - behandling:

Ordførar Stian Herøy (H) sette fram forslag om at møtet vart lukka under behandlinga av pott til lokale lønnsforhandlingar i kapittel 3 og 5 for 2023. Møtet vart lukka etter Kommunelova § 11-5 b.

F - vedtak:

Formannskapet vedtok pott for lokale lønnsforhandlingar i kapittel 3 og 5 for 2023. Potten som formannskapet har gitt til å forhandla med er unnateke offentlegheit fram til formannskapet har godkjent lønnsforhandlingane for kapittel 3 og 5. Forhandlingane vert behandla i ekstraordinert formannskapsmøte 31.10. 2023.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rolf Martin Raknes	FE-026	20/314

Saksnr	Utval	Type	Dato
062/23	Kommunestyret	PS	26.10.2023
062/23	Formannskapet	PS	17.10.2023

Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland - Endeleg vedtak

Vedlegg:

IKP SJØ NH bakgrunn for planen
Referat IKPLsjø planutval 1703102023
Fedje_IKP_sjøareal 03102023
IKP SJØ NH Planskildring 031023
IKP SJØ NH Føresegn 031023
IKP SJØ NH Kjelder 031023
IKP SJØ NH KU og ROS 03102023
IKP SJØ NH KU Vedlegg innspel 03102023
IKP SJØ NH Kunnskapsgrunnlag 031023

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

IKPU har no gjennomført prosessen etter det mandatet dei fekk og har utarbeida eit forslag til arealplan for sjøareala som dei tilrår kommunestyra å vedta. Det einskilde kommunestyra skal vedta arealplanen for sin kommune, men den bygger på ein samordna plan i regionen. Planen har felles føresegn, planskildring, konsekvensutgreiing og kunnskapsgrunnlag.

Planen har vore ut på tre høyringar. IKPU meiner at den planen som no vert lagt fram for kommunestyra til vedtak bygger på ein grundig prosess og det er viktig at planen no vert vedteke slik at dei endringane som planen legg til rette for kan realiserast.

Sjå eige vedlegg til saka for vidare bakgrunn for planen.

Vurdering

Kommunedirektøren er nøgd med at ein har klart å arbeida fram ein heilskapleg plan for heile Nordhordlandsregionen. Eit av hovudformåla med planlegging etter plan- og bygningslova er å fremja berekraftig utvikling og bidra til samordning av statlege, regionale og kommunale oppgåver. Etter tre offentlege høyringar og ettersyn, samt mekling, er det berre ei motsegn att i høve til planframlegget. Denne motsegna gjeld akvakulturområde ved Hjeltevarden i Fedje kommune.

I noverande kommuneplan ligg dette akvakulturområdet inne som gjeldande arealbruk. I planframlegget for IKP-sjø ligg dette framleis inne, men vil grunna motsegna frå kystverket ikkje få

juridisk verknad når denne vert vedteken endeleg.

Akvakultur og anna marin næring er særskild viktig for eit lite samfunn som Fedje. Bruken av sjøområda kan ha avgjerande innverknad på levekåra og berekrafta lokalt. Omsyna som er skildra i denne saka gjev eit godt døme på dette. Kva skal vege tyngst ? Lokal næringsverksemd eller nasjonale overordna omsyn? Det er trong for ei avklaring. Gjeldande kommuneplan går ut i 2024 og treng rullering. Det vil difor også vera ei føremon å få klarlagt statusen for denne type arealbruk før den interkommunale planen for sjøområda skal koplast til dei respektive arealdelane på land. Målet er føreseielege kommuneplanar i heile regionen.

Kommunedirektøren vurderer grunna dette at ei avklaring i form av klage til Kommunal- og distriktsdepartementet, for endeleg avgjerd, er naudsynt i denne saka.

Konklusjon

Kommunedirektøren rår til at Fedje kommune gjer endeleg vedtak for sin del av Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, planid 2021003. Unnateke er akvakulturområde med motsegn ved Hjeltevarden. Dette området rår ein til at vert oversend til Kommunal- og distriktsdepartementet for endeleg avgjerd.

Forslag til vedtak:

Fedje kommune gjer endeleg vedtak for sin del av Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, planid 2021003. Unnateke frå vedtaket er akvakulturområde med motsegn ved Hjeltevarden , som vert oversend til Kommunal- og distriktsdepartementet for endeleg avgjerd. Oppdaterte plandokument som planskildring, plankart, føresegner, konsekvensutgreiing og kunnskapsgrunnlag er lagt ved i saka (03.10.2023) Grunngeving for vedtaket er vist i saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova §§ 9-3 og 11-15.

Formannskapet - 062/23

F - behandling:

F - vedtak:

Fedje kommune gjer endeleg vedtak for sin del av Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, planid 2021003. Unnateke frå vedtaket er akvakulturområde med motsegn ved Hjeltevarden , som vert oversend til Kommunal- og distriktsdepartementet for endeleg avgjerd. Oppdaterte plandokument som planskildring, plankart, føresegner, konsekvensutgreiing og kunnskapsgrunnlag er lagt ved i saka (03.10.2023) Grunngeving for vedtaket er vist i saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova §§ 9-3 og 11-15. Samrøystes vedtek.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-033	23/449

Saksnr	Utval	Type	Dato
063/23	Formannskapet	PS	17.10.2023

Eventuelt

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Formannskapet - 063/23

F - behandling:

Spørsmål til formannskapet 17.10.23. frå Kamilla B Karlsen (Ap)

1. Kor stort er disposisjonsfondet pr. dags dato?

Svar frå ordførar Stian Herøy (H) :

Disposisjonsfondet er pr 17.10.23 på kr 7 850 000,-. Det er budsjettet med å nytta kr 1 500 000,- av det i 2023.

2. I Kommuestyret i sak 048/23 sa kommunedirektøren at Fylkeskommunen ikkje hadde lov til å gje underskotsgaranti til ulike prosjekt. Korleis kan kommunedirektøren gje same type garanti frå Fedje kommune? Gjelder ikkje det same lovverket for både kommunen og fylkeskommunen?

Svar frå ordførar Stian Herøy (H):

Fedje næringsråd tok initiativet til å etablere ei prøverute frå Bergen til Fedje med Rødne AS som aktør/samarbeidspart. Fedje kommune føl med dette opp den nye reiselivsplanen som legg opp til å få større fokus på Fedje som reisemål. I samband med dette var Fedje næringsråd og Fedje kommune v/kommunedirektøren i møte med Bård Sandal, avdelingsdirektør for avdeling for næring, plan og innovasjon i Vestland fylkeskommune. Formål for møtet var arbeid med reiselivssatsinga på Fedje. Fedje næringsråd har hatt eit ynskje om å få på plass ei prøverute til Fedje for å sjå om det er potensiale for ei slik satsing på Fedje og kommunen har difor støtta næringsrådet i sitt arbeid for å få dette til. Næringsrådet hadde møte med Rødne AS i slutten av mai. I møtet kom det fram at Rødne ikkje ynskja å opne for ein generell rute til Fedje men hadde ynskje om å sette opp ei prøverute med same forretningskonsept som til dømes dei har i Rogaland til ein vingard (Hebnes i Suldal i Ryfylke). Dette er «pakketerte» turar som er kjøpt på førehand der ein får omvising, mat og der båtturen går inn som ein del av opplevinga. Rødne AS har søkt om ein underskotsgaranti til Fedje kommune på kr 31.200,- (40 % av kr78.000,-. Avtalen er at fylkeskommunen skal dekke 60%).

I e post frå Bård Sandal til Fedje næringsråd den 9 august (med kopi til kommunedirektøren) visar Bård Sandal til følgjande:

«Eg må formelt vente på vårt administrative vedtaket før eg kan seie ja til å delta som «samarbeidspartner». Etter ei runde med juridisk her så er eg orientert om at Kommunelova no set avgrensingar med tanke på å gje garanti i samband med næringsverksemd. Så vi må gjere ei meir grundig vurdering. Eit alternativ for støtte er at det kan skje gjennom å tildele eit tilskot, etterskotsvis ut frå rekneskap og eventuelt underskot. Og så må vi i forhold til det og gå inn å ev. finne ei løysing med tanke på ev. statsstøtteproblematikk. Men det kan la seg løyse. Så derfor må eg be om at å definere oss inn som samarbeidspartner må settast på vent til vi har gjort vår vurdering. Dette då til foreløpig informasjon.

Vh Bård

Bård Sandal
avdelingsdirektør
avdeling for næring, plan og innovasjon

Kommunedirektøren er klar over at kommunelova set avgrensingar med tanke på å gje garanti i samband med næringsverksemd. Fedje kommune ynskjer å støtte opp under ny næringsverksemd/reiselivsatsing som Fedje næringsråd tek initiativ til. Når Rødne bruker omgrepet «underskotsgaranti» så vil Fedje kommune gjere det same som Vestland fylkeskommune gjer, og definere kommunen inn som samarbeidspartnar og tildele eit tilskot, etterskotsvis ut frå rekneskap og eit eventuelt underskot. Satsinga skal evaluerast (og har vært evaluert etter kvar av dei tre turane som har vært gjennomført). Vedlagt er skriv frå Fedje næringsråd.

På tidspunkt for vedtak for å gi støtte var ikkje kommunedirektøren klar over at det ikkje var lagt opp til generelle turar til Fedje, men ein tur som er bestilt på førehand og betalt på førehand («pakketert»).

Samstundes ber me om ein orientering rundt desse sakene:

1. Tilsettingar og oppseiingar i Fedje kommune sidan august 2023.

Svar frå ordførar Stian Herøy (H):

Tilsettingar:

Rektor Fedje Skule (1/8)

Lærer (1/8)

Lærer (1/10)

Fagarbeidar skule (1.8)

Fagarbeidar skule (1.9)

Vikar bibliotek (1/9)

Kommunalsjef HR og forvaltning (15/09)

Kommunalsjef Samfunnsutvikling (1/10)

Økonomirådgjevar (1/10)

Vikarar barnehage (100+80%) (1/10)

Ny kommuneoverlege frå 01/01-24

Vidareføring av vikariat i 100% i Flyktningtenesta

Oppseiingar:

Lege – ei oppseiing - utlysing med søknadsfrist 8/11

Sjukheim – ein fagarbeidar – utlysing kjem

Lærer (frå 1.8)

Lærer (frå 1/10)

2. Flyktningssituasjonen i kommunen. Kva rører seg no?

Svar frå ordførar Stian Herøy (H):

Mottak i Fedje kommune:

I 2022: 24, kor 3 har returnert

I 2023 har me tatt i mot 8 personar

Vi har totalt tatt imot 32, 29 av dei er bosatt per dags dato

Det kjem no ca. 1200 asylsøkarar kvar veke. Sidan juni er det ei auke i asylsøkjalar med over 50% kvar veke. Det har vært ei jevn auke frå august og belegg i mottak har derfor også økt i et raskt tempo. Belegget mottaka har økt med nesten 6 000 beboere siden juni. På tross av at kommunar buset i raskt tempo har UDI behov for å auke kapasitet på mottak. Det er planlagt å opprette inntil 3000 plasser i akuttinnkvarteringar fordelt over heile landet.

Fedje kommune har ikkje fått førespurnad frå IMDI etter sommaren. I går kom den fyrste førespurnaden på to personar. Denne er ikkje handsama
Fokus frå regjeringa er no å få flyktningane i arbeid. Fedje kommune har intensivert norskundervisninga. Vi har no fire personar som er ferdig i introprogrammet. Den eine har fått jobb (100% vikariat fram til jul). Viss dei ikkje får introstønning må dei over på sosialstønning om dei ikkje får jobb. Det er difor særst viktig å få flyktningane i jobb i fht kommunen sin økonomiske situasjon. Mange av flyktningane har midlertidige jobbar i ulike private verksemder på Fedje
Fedje kommune har i samarbeid med NAV laga jobbsøkjarkurs for flyktningane. Oppstart 6.11.23 og varer i 6 veker. Dette har NAV svært gode resultat med. Flyktningtenesta vil arrangere møte med lokale arbeidsgjevarar (inkludert kommunale leiarar med personalansvar) for å sjå om det er mogleg å få til noko med lønstilskot frå NAV.

Grunna auke i tal flyktningar og oppmoding frå regjeringa og vedtak om å auke tal flyktningar i 2023 til inntil 15 personar har kommunedirektøren utvida eit vikariat i 100% i eit år til. I tillegg er avtale med leiar av språkkafeen utvida med eit år (skuleåret 23/24).

Vi har ei utfordring med bustad, men fyrste prioritet no er å skaffe arbeid til flyktningane

F - vedtak:

Det vart ikkje fatta vedtak under eventuelt.

